



Protokoll frå årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag fredag 7. - laurdag 8. mars 2008, Alexandra Hotell Molde



Temakonferansen i framkant av fylkesårsmøtet samla 90 deltakarar (Alle fotos: Arild Erlien)

Årsmøtekonferanse: Korleis skapar vi inntekt og utvikling for bøndene i vårt fylke. - Og med det mat, miljø og levende bygder fredag 7. mars 2008 kl. 10.00 – 16.00

KONFERANSE SAMLA 90 DELTAKARAR

I framkant av årsmøtet i M&RBondelag, vart det fredag 7. mars halde ei temakonferanse med 90 deltakarar.

Deltakarar var frå lokale Bondelag, politikarar, kommunar ved politisk leining og personar med ansvar for landbruk og næring, bankar, M&R fylke, Innovasjon Norge. Konferansen viste at det er nyttig å kome saman til felles utveksling av informasjon, idear og gje inspirasjon.

Bak i salen på Hotell Alexandra var det **stands** ved Gjensidige, Forsøksringane i fylket, Bygdefolkets Studieforbund, M&R Bondelag, og Landbruksavdelinga i M&R fylke om Bioenergi, Inn på tunet og Bygdemobilisering. Som pausemat var det mat frå Derrinngarden i Eide og saft frå Valldal.

Under konferansen var det fleire **musikkinnslag** ved **Aashild Melkeraaen**, piano og **Kari Bjørnøy**, fløyte, begge til dagleg ved Landbruksavdelinga i fylket.

Konferansen vart opna av fylkesleiar **Arne Magnus Aasen**, som fokuserte på "Kva skal til for bøndene no?" Fylkesordførar **Olav Bratland** (H) snakka om "Korleis skapar vi resultat saman i verdas beste og vakraste region."

"Bygdene våre i den store verda - Mat og vatn, miljø og utvikling", var tema for **Aksel Nærstad**, som er utviklingspolitisk seniorrådgjevar i Utviklingsfondet.

Utviklingsfondet - en miljø- og utviklingsorganisasjon som støtter organisasjoner og prosjekter i utviklingsland

knyttet til landbruket. Utviklingsfondet driver også et omfattende faglig-politisk arbeid knyttet til landbruk, miljø, handel og bekjempelse av fattigdom. www.u-fondet.no

Aksel Nærstad har gjennom mange år fulgt forhandlingene i Verdens handelsorganisasjon, WTO, og andre internasjonale fora der landbrukspolitikk, miljø og kamp mot fattigdom behandles. Han leder et globalt nettverk for mer og bedre landbruksbistand, sitter i ledelsen for Handelskampanjen, og ledet i flere år arbeidet i Norges sosiale forum. Han har vært redaktør for og bidratt i flere bøker knyttet til spørsmålene som er nevnt ovenfor, og ga i fjor ut boka "En annen verden - hvordan?"

Dei lokale bondelagsleiarane **Olaug Kvendset** frå Todalen, **John Eikenæs** frå Gjemnes og **Petter Melchior** frå Eidsdal og Norddal fortalde om mulegheiter og utfordringar på sin gard og i si bygd. Deretter var det korte innlegg frå salen og svar.

Etter lunsj snakka stortingsrepresentant **Asmund Kristoffersen** (Ap), som er medlem i energi- og miljøkomiteen og leiar av miljøkomiteen i Nordisk Råd, om utfordringane i vårt distrikt innan mat, miljø og energi.

Styremedlem i Norges Bondelag, **Rune Henning Haram**, gav forsamlinga sine tankar om korleis ein skal få aktive bønder i framtida. Siste timen av konferansen var sett av til korte innspel frå salen og svar.

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: PB 2047 Moldegård 6402 Molde	Besøksadresse: Fannestrandveien 63. Molde	Telefon: 71 20 28 90	Telefaks: 71 20 28 91	E-postadresse More.romsdal@bondelaget.no
Møre og Romsdal Bondelag	Org.nr.: 939678670	Bankkonto:	3980.07.11308	Internet:
Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto:	8101.05. 91392	www.bondelaget.no/moreogromsdal



Frå venstre: Fylkesvaraordførar Svein A. Roseth (KrF), direktør i Innovasjon Noreg, Bjørn Tunheim, stortingsrepr. Asmund Kristoffersen (Ap), fylkesordførar Olav Bratland (H), fylkesleiar Arne Magnus Aasen og nestleiar Oddvar Tynes. (Foto: Arild Erlien).



Bondelagsleiarane Petter Melchior, Eidsdal og Norddal (t.v.), Olav Kvendset, Todalen og John Eikenæs, Gjemnes fortalde om mulegheiter og utfordringar på sin gard og i si bygd. Bak fylkesleiar Arne M. Aasen (t.v.), styremedlem Noregs Bondelag, Rune H. Haram. (Foto: Arild Erlien).

Årsmøtet fredag 7. mars kl 16.30 til laurdag 8. mars kl. 13.00

Møtet sett kl 16.30. Ordstyrar John Helde opna møtet og ønskte velkomen.

SAK 1: OPPROP. GODKJENNING

Organisasjonskonsulent Arild Erlien foretok opprop. Deltakarlista vert lagd ved protokollen.

På årsmøtet møtte i alt 53 personar med røyserett, av desse 44 utsendingar frå 36 lokallag, ordførar, 5 i fylkesstyret, Rune Henning Haram som styremedlem i Norges Bondelag og 2 frå M&R Bygdekvinnelag. Totalt deltok det 94 personar ein eller to dagar på temakonferansen og/eller årsmøtet. 90 av desse deltok på temakonferansen fredag kl. 11.00-16.00.

Elles møtte som inviterte gjestar utan røyserett æresmedlem Gunnar Waagen, varaordstyrar Knut Sjømæling, grønttalskvinne Signe Brenna, første vara Hans Frafjord, 4 frå valnemnda som ikkje var utsending til årsmøtet og 5 frå fylkeskontoret.

Inviterte gjestar og innleiarar på temakonferansen og årsmøtet var: Utviklingspolitisk seniorrådgjevar i Utviklingsfondet, Aksel Nærstad, fylkesordførar Olav Bratland (H), fylkesvaraordførar Svein A. Roseth (KrF), stortingsrepresentant Asmund Kristoffersen (Ap), nytilsett landbruksdirektør Anne Berit Løset, Bjørn Tunheim og Sivert Gravem frå Innovasjon Noreg, Knut Bertil Øygard og Lena Myren frå Gjen-sidige Nordmøre og Romsdal, styreleiar i Bygdefolkets Studieforbund M&R, Ole Sigbjørn Iversen, leiar i Averøy-aksjonen, Svein Arild Aae, Paul Sindre Vedeld (kontaktutvalsleiar i Nortura), Borghild Reenskaug (TINE Meieriet Vest), Anne Turid Myrbostad (Tine Midt-Norge), Ola Dag Sæsbøe (Allskog), Lars Erik Hubred (leiar i M&R Norsvin), Martha Ebbesvik (Bioforsk Økologisk) og Ivar Bakken (Forsøksringane i M&R).

I tillegg deltok det 13 deltakarar på temakonferansen fredag, som var frå landbruksavdelinga i M&R fylke, 3 sparebankar og jordbrukssejfar i kommunane.

SAK 2: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Varsel om årsmøte send i lokallagsbrev desember. Innkalling og sakliste send 7. feb 2007.

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjend. Gunnbjørg Trondsen og Arnfinn Lien valt til å skrive under protokollen.

SAK 3: OPPNEMNING AV REDAKSJONSNEMND OG UTTALER

Leiar i redaksjonsnemnda, Inge Martin Karlsvik, presenterte framlegg til uttale.

Karl Arne Austnes meinte uttalen må vise til Averøy-aksjonen.

Vedtak: Redaksjonsnemnd leiar Inge Martin Karlsvik, Astrid Gjersdal, Ivar Aae med vara Frode Stene og Birgit Kjerstad.

Årsmøtet vedtok laurdag å sende to uttaler:

UTTALE 1: Tida renn ut for landbruket

Averøyaksjonen, støtta av Møre og Romsdal Bondelag, har peikt på at landbruket må ha økonomi og vilkår som gjer det i stand til å konkurrere om arbeidskrafta.

Gapet mellom inntekt i landbruket og anna næring har vorte større og større. I dag syner driftsanalysar at inntekta ikkje dekker arbeid og nødvendig fornying av driftsapparatet samtidig. Snittinntekta var i 2006 ca kr 160.000 pr årsverk i landbruket mot kr 360.000 i befolkninga elles. Produksjon må vere lønsam om bøndene skal investere for å møte etterspurnaden av mat.

Tal gardsbruk i drift er nær halvert på ti år. Dette må det gjerast noko med om ikkje matproduksjonen skal bli borte i mange bygder.

Matprodusenten kan finne seg nytt arbeid, men kan samfunnet finne seg nye matprodusentar?



”Bygdene våre i den store verda - Mat og vatn, miljø og utvikling”, var tema for Aksel Nærstad, som er utviklingspolitisk seniorrådgjevar i Utviklingsfondet.

UTTALE 2:

Landbrukspolitik er viktig miljøpolitikk

Verdssamfunnet står over for store utfordringar både når det gjeld miljø, energi og matforsyning. Desse utfordringane vil krevje ein ny politikk. Vi vil trenge alt det vi har av jord i framtida. Ein politikk som styrker matproduksjonen vil etter årsmøtet si meining vere eit viktig verkemiddel for å møte desse utfordringane.

Bøndene ynskjer å ta ansvar og vere med på å skape ei berekraftig utvikling i tråd med nye krav til miljø og produksjon. Vi ynskjer å fornye driftsapparatet i tråd med føreskrifter om dyrehald og arbeidsmiljø. Vi ynskjer å gå i front og utnytte jordressursane utan å øydelegge dei. Alternativet er eit jordbruk, pint inn til beinet og drive på akkord med etikk og miljø. Skal vi kome i mål med nødvendige endringar må samfunnet sjå seg råd til å rekruttere bønder med høg kompetanse og stor evne til innovasjon.

Etter konstituering var det fram til kl. 17.30:

Årsmøtetale ved fylkesleiar Arne Magnus Aasen
Helsingar frå gjestar

Innleiing til gruppearbeid om informasjonstiltak og aksjonar ved Birgit Kjerstad



Fylkesvaraordførar Svein A. Roseth (KrF), stortingsrepr. Asmund Kristoffersen (Ap), fylkesordførar Olav Bratland (H), fylkesleiar Arne Magnus Aasen (Foto: Arild Erlie).



Fylkesordførar Olav Bratland (på talarstolen) opna konferansen. Viser ser vi org.-sjef Gunnar Wentzel, ordstyrar John Helde, fylkesleiar Arne Magnus Aasen og nestleiar Oddvar Tynes. (Foto: Arild Erlie).

Kl. 17.30 – 19.00: Drøfting i grupper: Informasjonstiltak og aksjonsplanar.

Deltakarane var delt inn i åtte grupper med 6-8 personar i kvar gruppe.

Gruppene presenterte synspunkta som kom fram i gruppa i plenum laurdag. Vidare laga dei kort notat på synspunkta, som vart levert dirigentbordet.

Spørsmål 1: Påverknad gjennom informasjon på alle plan har i mange år vore viktigaste arbeidsmåten i Bondelaget. Utveksle erfaringar og planar med dei informasjonstiltaka de har lokalt i år

Spørsmål 2: Drøft aksjonsplanar og aksjonsviljen ved eit brot eller nei i uravrøysting. Er du viljug til å delta sjølv i tiltaka de gjer framlegg om?

Spørsmål 3: Er det andre informasjonstiltak gruppa meiner det bør takast fatt i? Skisser litt om korleis de tenkjer tiltaket gjennomført, målgrupper og innhald.

Møtet heva første dag kl. 19.00

Årsmøtemiddag kl. 20.0



Årsmøtet sett laurdag 8. mars kl 08.30.

SAK 4: ÅRSMELDING FOR MØRE OG ROMSDAL BONDELAG 2007

Årsmeldinga vart lagt fram av organisasjonssjefen. Oddvar Tynes kommenterte rovdyrarbeidet og viste til at det truleg er bjørn nord i fylket, og ynglande jerv også rundt Vågstranda-Måndalen.

Vedtak: Årsmelding for Møre og Romsdal Bondelag 2007 godkjend.

SAK 5: REKNESKAP FOR MØRE OG ROMSDAL BONDELAG 2007

Rekneskapet vart lagt fram av organisasjonssjefen. **Revisors melding 2007:** Regnskapet er revidert og funnet i orden. Beholdninger i bank stemmer med utskriftene fra banken. Det er kontrollert at alle bilaga forefinnes i regnskapet og at dagboken stemmer. Skattetrekk og arbeidsgiveravgift er betalt fortløpende i året og lønns- og trekkoppgaver er innsendt på oppgavepliktige ytelser. Det er ikkje avsatt tilstrekkelig på skattetrekkkonto til å dekke skyldig skattetrekk pr 31.12.07. Vi tilrår at regnskapet for Møre og Romsdal Bondelag for året 2007 med årsunderskudd kr 82.560 blir godkjent.

Molde, 29.02.08 Jon B. Nedal Hallvard Hals

Desse hadde ordet: Ola Steinsvik peikte på kapitalinntektene at det er bankar, som Landkreditt, som gir betre rente enn Sparebanken Møre.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskapet for Møre og Romsdal Bondelag 2007. Driftsrekneskapet er gjort opp med eit årsunderskot etter finanspostar på – kr 82.560. Fylkeslaget hadde ved inngangen til 2007 ein eigenkapital på kr 914.400, slik at ny eigenkapital ved årsskiftet 2007/2008 blir kr 831.840.

SAK 6: ARBEIDS- OG TILTAKSPLAN FOR M&R BONDELAG 2008-2009

Arbeidsplanen vart presentert av organisasjonssjefen. **Vedtak:** Arbeids- og tiltaksplan for Møre og Romsdal Bondelag 2008-2009 godkjend.

Næringspolitikk:

Mål: Arbeide for ei inntekt og sosiale rettar på line med andre i samfunnet. Fylkeslaget sin uttale til jordbruksforhandlingane 2008 blir retningsgjevande for politiske prioriteringar i 2008 - 2009.

* Ta initiativ, vere pådrivar og drive skoloring i saker som gjeld landbrukspolitikken, næringsutvikling, WTO, EU og EØS, naturforvaltning, kulturlandskap, verneplanar, rovdyr, lokal og regional forvaltning.

Samfunnskontakt og utadretta verksemd

Mål: Fremme distrikts- og landbrukspolitiske saker. Positive informasjonsmarkeringar med norsk mat i sentrum, synleggjere arbeidet Bondelaget gjer og presentere faktaopplysningar om landbruket.

- * Politikarar og beslutningsorgan: Kontakt med offentlege myndigheiter og kommunane om aktuelle saker. Samråd med politiske parti og stortingsrepresentantar om landbruks- og distriktspolitikk.
- * Opinionen og forbrukarane: Informasjons- og forbrukarretta aksjonar. Alliansebygging.
- * Media; fylkes- og lokalaviser: Vere synleg i mediabiletet, reise egne saker og ta del i samfunnsdebatten.
- * Kontakt og drøfting mellom landbrukssamvirket og Bondelaget.
- * Open Gard – minst eitt arrangement i kvar region

Organisasjon

Mål: Organisasjonsbygging, skoloring, rekruttering og auke medlemstalet.

- * Utvikle møta i fylkeslaget og lokallaga som arena for sosial og fagleg aktivitet.
- * Informere tillitsvalde, medlemmer og andre ved lokallagsskriv og heimeside på Internett.
- * Kontakt med medlemmer og lokallag.
- * Prioritere medlemsverving av uorganiserte bønder. Invitere alle nye bønder til medlemsskap.
- * Opplæring av tillitsvalde med mål å fremme unge sin interesse for Bondelaget sitt organisasjonsarbeid.
- * Kursdag for nye fylkestillitsvalde og lokallagsleiarar straks etter årsmøta.
- * Rekruttering av unge til næringa og tillitsverv. Bondelaget får ei serleg oppgåve med å skolere nye medlemmer og tillitsvalde også til samvirket.

Landbruksbasert næringsutvikling – tradisjonelt og nye næringsgreiner

Mål: Peike på mulegheiter på garden, forsterke det faglege miljøet i næringa.

- * Informere om virkemidlar for næringsutvikling.
- * Auka arbeid med landbruksfaglege saker i heile organisasjonen som kulturlandskap.
- * Prosjekt Matmangfald i fylket medverke til auka lokal foredling og verdiskaping for mat.
- * Bygdemobilisering



Frå v.: nestleiar Oddvar Tynes, leiar i Giske BL, Karl Arne Austnes, styremedlem i Allskog, Ola Dag Sæsbøe og kontaktutvalsleiar i Nortura, Paul Sindre Vedeld.



SAK 7: BUDSJETT FOR MØRE OG ROMSDAL BONDELAG 2008

Budsjettet vart presentert av organisasjonssjefen.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner budsjettframlegget for 2008. Budsjettet er eit rammebudsjett for dei faste postane. Prosjekt Matmangfald har eige budsjett handsama i eige styringsgruppe. Budsjettet er gjort opp i balanse etter finanspostar slik at eigenkapitalen vert uendra på kr 831.840. Årsmøtet meiner fylkeslaget likevel må kunne disponere midlar utover budsjetttramma til spesielle aktivitetar.

SAK 8 – INNKOMEN SAK FRÅ ØRSKOG BONDELAG OM SAMDRIFTER

Ørskog Bondelag ved leiar Jorunn Solnørdal Myren la fram laget sin innsende årsmøtesak.

Laget vil fjerne taket på medlemmer i samdrift. Produksjonsmengde på 750 000 liter må avgjere kor mange som kan vere med. Laget meiner at det må vere opning for at bønder som har ”sovande kvote” kan slutte seg til ei samdrift.

Desse fikk ordet: **Eldbjørg Tvergrov:** Viste til samdrift på fem der ho er med og to måtte stå utanfor. Ho viste også til tilskota til drift og investering i samdrifter blir sterkt redusert i f t før. **Arnfinn Grüner** peikte på at alle har dårleg økonomi slik at økonomien er eit generelt problem.

Ordstyraren la fram andre del av Ørskog Bondelag sitt framlegg om at konsekvensane av aktivisering av sovande kvote blir vurdert.

Vedtak:

1) Årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag ber fylkestyret ta med i sin uttale framfor jordbruksforhandlingane til Noregs Bondelag at det igjen blir fremma krav om å fjerne taket på deltakarar i samdrift. (Vedteke mot 2 røyster.)

2) Årsmøtet ber fylkeslaget/Norges Bondelag vurdere konsekvensene av at sovande mjølkekvotar kan bli aktivisert før det blir teke endeleg avgjerd i spørsmålet.

3) Årsmøtet er kjend med at Norges Bondelag og jordbruket i sitt krav til forhandlingane i 2007 gikk inn for å fjerne avgrensinga på fem deltakarar i samdrift, men at staten gikk mot. Likeeins har fylkeslaget engasjert seg sterkt over fleire år for å få fjerna avgrensinga på tal deltakarar i samdrift.



SAK 9: ÅRSMØTETALE

Styremedlem i Norges Bondelag, Rune Henning Haram (**biletet**), innleia først om aksjonstiltak, deretter om aktuelle faglege- og organisasjonsmessige utfordringar og mulegheiter for Bondelaget. Møtet vart lukka til drøfting av aksjonstiltak.

Arne Magnus Aasen orienterte om fylkeslaget sin strategi rundt høge krav og forventningar.

Desse hadde ordet til aksjonar: (fortruleg referat)



Leiar i Averøy-aksjonen, Svein Arild Aae (t.v.) i samtale med Aksel Nærstad og styremedlem i Tine Meieriet Vest, Borghild Reenskaug. (Foto: Arild Erlien).



Leiar i Averøy-aksjonen, Svein Arild Aae, var invitert som gjest på fylkesårsmøtet. (Foto: Arild Erlien).

Møtet vart opna. Generaldebatten held fram:

Rune Henning Haram innleia vidare om aktuelle faglege- og organisasjonsmessige utfordringar og mulegheiter for Bondelaget, og orienterte om politisk arbeid framfor jordbruksforhandlingane.

Rune Henning Haram orienterte om andre saker i jordbruksforhandlingane.

Replikk Oddvar Tynes spurte om det er taktisk å sette ned styringspris no. Rune Haram svarte.

Borghild Reenskaug, styret Tine Meieriet Vest tok opp mulegheitene for auka målpris, og det er Tine tydeleg på at det er, og at det er muleg å fordele prisauke på meir enn konsummjølk. Situasjonen vist kvifor systemet i Norge er viktig å ta vare på. Tine viser til at samvirkeindustrien sagt at ein ikkje vil ta ut meir til industri, men viser til politiske avtalte pristillegg i motsetnad til i nabolanda gjennom mange år tidlegare. Ho viste også til at i Vest-Norge er dei fleste som har produksjon under gjennomsnittet.

Peder Rogne gav uttrykk for at han følte driftsøkonomien går rett ned. Har tilpassa meg og bygd to driftsbygg på 30 år, men det har ikkje auka inntekta.

Trond Malmedal las dikt "om bonden og slikt".

Karl Arne Austnes bad årsmøtet merke seg strukturen i landbruket i vest. Han peikte på at når det i reglane for økologiske husdyrhald blir omtala såkalla *mindre* buskavar under 35 kyr så er dette det doble av dagens gjennomsnitt. Han viste til behov for grøfte-tilskot til leigejord. Kystjordbruket treng merksemd i

Regionalt miljøprogram, og det er naudsynt med eit skiftetillegg.

Leif Inge Grebstad viste til matvaresituasjonen i verda, og økologisk mjølkeproduksjon. Det bør ikkje vere ulike krav til lausdrift i økologisk og anna produksjon. Undersøkinga blant lokale politikarar viser at landbruket er viktig i alle kommunar, men og at vi har ein jobb å gjere. Vi bør vere varsame med å henge ut politikarar, men nokre av svarea er det grunn til å merke seg.

Per Kristian Gjerde: I Stranda berre to bruk med meir enn 16 kyr. Alt anna enn inntekt er uinteressant no. Skal du byggje må du firedoble produksjonen for å få økonomi, er hans erfaring.

Ola Steinsvik: Viktig å påpeike bruksstrukturen på Vestlandet. På møter om bruksutbygging rettleiing om at det er så lønsamt å byggje nytt og setje inn robot i fjøs med 60 kyr. Dette at forhandlingane gjeld eit år fram i tid er eit forhold som bør endrast. Planlagt regionalt møte med sentrale folk og ordførarar på Aasen-tunet i Ørsta den 31. mars kl 11.00 med tema Kven skal produsere maten vår, og om korleis landbruket skal sjå ut i desse kommunane.

Ole Sigbjørn Iversen orienterte om at Bygdefolkets Studieforbund i fylket opphøyrar slik at med-

lemsorganisasjonane sjølv må melde inn studieaktivitet til BSF sentralt. Målpris for grøntsektoren er dels slept fri for einskilde produksjonar.

Hans Frafjord peikte på at nokre spør om årsverksinntekta er korrekt, men når så mange sluttar viser det at det er reelt. Om vi tenkjer rekruttering så ser vi at matvareproduksjon basert på framandkapital i dag ikkje er berekraftig. Det er Bondelaget som har kjempa denne kampen i alle år, for kvar einskild av oss har ikkje makt.

Leiar Arne Magnus Aasen oppsummerte det han meinte hadde vore ein svært open og spanande generaldebatt. Aasen peikte på at leiinga i Norges Bondelag er svært oppteken av å ta vare på strukturiltaka i jordbruksavtala sjølv om det er fleire medlemmer som meiner ein må opne for større bruk.

Rune Henning Haram følte det hadde vore eit årsmøte der det kom klårt fram kva dei tillitsvalde meiner. Det er mange motorar i strukturutviklinga, og skal vi ha eit landbruk over heile landet må nokre av desse motorane bli skrudd av. Det er veldig fokus i media på nye større driftsbygg. Han nemnde moms-grepet, at bonden får behalde momsen som eit tiltak ein har i mange land.

SAK 10. VAL

Det var kome skriftelege framlegg frå Hjørundfjord Bondelag, Ørskog Bondelag, Rindal Bondelag og Stranda Bondelag.

Alle framlegg frå valnemnda var samrøystes.

Val av teljekorps: Knut Sjømelting, Signe Brenna og Trygve Halle.

Det var 50 tilstade med røysterett.

1. Leiar. Val for 1 år.

På val: Arne Magnus Aasen, Tingvoll (Valt til ny leiar i 2004 - stiller til attval)

Vedtak: **Arne Magnus Aasen, Tingvoll**
- attvalt 48 røyster, 1 blank, 1 forkasta.

2. To styremedlemmer. Val for 2 år.

På val: Oddvar Tynes, Stranda (styremedlem frå 2000) (stiller plassen til disposisjon) og Anne Katrine Jensen, Gjemnes (styremedl. frå 2006, vara frå 2005) (stiller til attval)

(Ikkje på val Birgit Oline Kjerstad, Haram og Inge Martin Karlsvik, Eide)

Vedtak: **1. Styremedlem: Per Kristian Gjerde, Stranda** - ny - valt med 48 røyster
2. Styremedlem: Anne Katrine Jensen, Gjemnes - attvalt med 45 røyster
Elles fikk Oddvar Tynes, Inge M. Karlsvik og Olaug Kvendset ei røyst kvar, ei blank røyst.

3. Nestleiar val for 1 år

På val: Oddvar Tynes, Stranda (Har vore nestleiar frå 2003 - stiller plassen til disposisjon)

Vedtak: **Inge Martin Karlsvik, Eide** - ny - valt med 47 røyster.
Elles fikk Olaug Kvendset og Birgit Oline Kjerstad ei røyst kvar og det var ei blank røyst.

4. Val av 3 vararepresentantar til styret i nr.-orden for 1 år.

Vedtak:	1. vara	Hans Frafjord, Vestnes	- Attval	Akklamasjon
	2. vara	Dag Borøchstein, Aure	- Ny (3. vara frå 2007)	Akklamasjon
	3. vara	Olaug Kvendset, Surnadal	- Ny	Akklamasjon



Styret 2008/2009. Foran frå venstre: leiar Arne Magnus Aasen, Tingvoll, nestleiar Inge Martin Karlsvik, Eide og styremedlemmane Anne Katrine Jensen, Gjemnes, Per Kristian Gjerde, Stranda og Birgit Oline Kjerstad, Haram. Bak frå venstre: Hans Frafjord, Vestnes, Dag Borøchstein, Aure og Olaug Kvendset, Surnadal. (Foto: Arild Erlien)

5. Utsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag (2008/2009)

Pr. 31.12.2007 hadde fylkeslaget 3.503 medlemmer. Det skal veljast ein utsending for kvar påbegynt 600 medlemmer. Dette gir **6 utsendingar** (Grensa for 7 utsend. er 3.601 medl.).

Dei som er valt for to år og som skal møte i 2008 også (ikkje på val i år), er forutan leiaren:

1. Inge Martin Karlsvik, Eide (2007/2008)
2. Birgit Oline Kjerstad, Haram (2007/2008)

Vedtak: Utsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag for 2 år (2008/2009)

3. Anne Katrine Jensen, Gjemnes (2008/2009)
4. Per Kristian Gjerde, Stranda (2008/2009)

Utsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag for 1 år (2008)

5. Hans Frafjord, Vestnes (2008)
6. Dag Borøchstein, Aure (2008)

6. Val av 6 varautsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag i nummerorden for 1 år.

- Vedtak:**
1. Olaug Kvendset, Surnadal
 2. Anne Saltrø Polden, Surnadal
 3. Karl Arne Austnes, Giske
 4. Olav Rød, Nesset
 5. Ingrid Bjørneset Opsvik, Stranda
 6. Organisasjonssjefen i M&R Bondelag

7. Ordstyrar til årsmøtet 2009

- Vedtak:** Ordstyrar: John Helde, Nesset - Attval
 Varaordstyrar: Knut Sjømæling, Gjemnes - Attval

8. Val av revisorar.

- Vedtak:**
1. Jon B. Nedal, Averøy (registrert rev.) - attval
 2. Halvard Hals, Fræna - attval

Vararevisorar i nr orden :

1. Lars Håkon Furset, Stranda
2. Anna Rendedal Vinsrygg, Tingvoll

9. Valnemnd – val av 1 medlem for 3 år

Årsmøtet 2007 vedtok at valnemnda 2008 fremjer til årsmøtet 2008 forslag på 5 medlemmer i valnemnda. Medlemmene i valnemnda blir valt for 3 år. Ein eller to medlemmer står på val kvart år. Det blir valt 3 varamedlemmer i nummerorden for 1 år. Leiar og nestleiar blir av årsmøtet valt for 1 år mellom dei fem medlemmene i valnemnda.

I valnemnda sit frå før:

Jan Einar Gjerde, Aure	(Vara: Finn Roger Trodal, Averøy)	(2007/2008/2009)
Paul Sindre Vedeld, Vanylven	(Vara: Åse Rudi, Haram)	(2007/2008/2009)
Signe Brenna, Norddal	(Vara: Tor Lie, Stranda)	(2008/2009/2010)
Trond Malmedal, Fræna	(Vara: Jens Lien, Frei)	(2008/2009/2010)

Med endringa til 5 medlemmer i valnemnda, skal det på årsmøtet 2008 veljast 1 nytt medlem i valnemnda med funksjonstid på tre år (2009/2010/2011).

- Vedtak:** 1. Jorunn Solnørdal Myren, Ørskog (2009/2010/2011)

Val av leiar og nestleiar i valnemnda 2009 for 1 år:

- Vedtak:** Leiar: Signe Brenna – ny Nestleiar: Trond Malmedal - ny

10. Val av 3 varamedlemmer i valnemnda i nummerorden for 1 år (2009)

- Vedtak:**
1. Ivar Aae, Averøy
 2. Tor Lie, Stranda
 3. Gunnbjørg Trondsen, Fræna

Sak 11. REISE OG MØTEGODTJERSLE TIL STYRE OG REVISORAR:

Vedtak : Fylkeslaget nyttar Norges Bondelag sine satsar for reise og diett samt for møtegodtgjersle til fylkesstyret, revisorane, samt til tillitsvalde medlemmer i utval som er oppnemnt av fylkeslaget og talspersonar som opptrer på vegne av fylkeslaget.

(Møtegodtgjersla gjeld ikkje for utsendingar frå lokallaga til leiarmøtet og årsmøtet av di det ikkje er budsjettmessig dekning for det i fylkeslaga. Reisedekning for desse møta blir fastsett av styret. Evt møtegodtgjersle for lokallaga må bli gjeve etter vedtak i årsmøta i lokallaga.)



Fylkesleiar Arne Magnus Aasen (t.h.) overrekte vandrepremien, trekofferten, til leiar i Gjemnes Bondelag, John Eikenæs (Foto: Arild Erlien).

UTNEMNING AV AKTIVT LOKALLAG 2007

Styret i M&R Bondelag vil som «Aktivt Lokallag» for 2007 utnemne Gjemnes Bondelag ved leiar John Eikenæs. Laget har halde jamn, stor og god aktivitet. Leiaren i laget som vert utnemnt får bere vandrepremien, trekofferten. Laget får tilbod om dekning av kostnadene til ein medlemsaktivitet for gamle og nye medlemmer innan ein kostnad på inntil kr 3.000 deka av fylkeslaget.

Lokallaget har hatt god og høg aktivitet over lang tid. Laget har siste året auka medlemstalet, halde mange møter, utadretta aktivitetar og initiativ til tiltak i bygda. Svært mange av aktivitetane laget har skipa til har fått god og stor mediaomtale i lokalavisene.

Styret i laget har siste året halde 11 møter, halde studiering og sendt inn uttale foran jordbruksforhandlingane, og delteke på dei arrangement fylkeslaget skipar til.

Laget fekk 13 nye medlemmer i 2007.

Laget har arbeidd med sak om dyretragedie på gardsbruk, halde julebord med 130 deltakarar, sendt brev til kommunen om støtte til kvotekjøp, halde datakurs for bønder med 13 deltakarar, arrangert avlørsarkurs for 10.-klassingar ved ungdomsskulen i kommunen med god pressdekning i lokalaviser og lokal-TV. Vidare er det halde økologisk fagmøte, laget har gjennomført spørjeundersøking blant lokale listetoppar og ordførarkandidar før kommunevalet, og vore medarrangør av bygdedag.

Ein populær aktivitet i fjor var grodag for barnehagebarn og 3. klasse i skulen med potetsetting om våren og opptaking av potet og baking av potetlefse om hausten. Aktiviteten gav ei flott heilsides reportasje i lokalavisa. Laget har arbeidd med arealplanarbeidet i kommunen, sendt ut spørjeundersøking om hjorteskadalar på innmark, skog og rundballar, arbeid med høyringsuttale om utviding og innskrenking av jakttid for hjort og elg. Laget støttar aktivt både 4 H og Bygdeungdomslaget i kommunen.

Fylkesleiar Arne Magnus Aasen overrekte vandrepremien, trekofferten, til leiar i Gjemnes Bondelag, John Eikenæs. Han takka for utmerkinga.



Frå v: Tove Nesse (Neset BL), John E. Fiske (Surnadal BL), Jan Arild Stokke (Hustad BL), John Eikenæs (Gjemnes BL), Karl Arne Austnes (Giske BL), Peder Rindalsholt (Rindal BL), Gunnar Hauge (Skodje BL).

PREMIERING AV LOKALLAG FOR MEDLEMSVERVING

Fylkeslaget vil premiere alle lokallag som har fått minst 5 nye medlemmer frå førre fylkesårsmøte fram til årets årsmøte med Bondelags-effektar.

Mange lag har verva tre eller fire medlemmer.

Dei som vart premiært med Bondelaget sine effektar i år var:

Gjemnes Bondelag (14 nye), Rindal Bondelag (9 nye), Surnadal Bondelag (6 nye), Skodje Bondelag (6 nye), Neset Bondelag (6 nye), Tingvoll Bondelag (6 nye), Giske Bondelag (5 nye) og Hustad Bondelag (5 nye).



Avtroppande nestleiar Oddvar Tynes (t.h.) vart takka for innsatsen etter åtte år i styret, av desse fem år som nestleiar

AVSLUTNING

Leiar Arne Magnus Aasen takke for fornya tillit.

Han takka nestleiar Oddvar Tynes for mangeårig godt samarbeid i styret og overrekte bilete frå aktivitetar gjennom mange år.

Oddvar Tynes ønskte styret og Per Kristian Gjerde lukke til og sa han ville følgje med vidare: - Det har vore åtte utruleg lærerike år. Fått stelt med kulturlandskap og rovdyr. Må hugse på småfeet.

Møte heva kl 13.35

John Helde – ordstyrar Gunnar K Wentzel – ref

Gunnbjørg Trondsen (s)

Arnfinn Lien (s)

Biletglimt frå gruppearbeidet



Frå v: Odd Ingvar Torvik, Trond Malmedal, Odd Arild Gjendem, Per Kristian Gjerde, Anne Katrine Jensen, Lars Petter Harnes, Erling Ove Flø og Dag Borøchstein.



Frå v.: Eldbjørg Tvergrov, Gunnar Hauge, Ole Sigbjørn Iversen, John E. Fiske, Ivar Bakken, Hans Frafjord.



Frå v: Solveig L. Stakkestad, Endre Frøysa, Just Ove Westad, Jan Arild Stokke, Ole Magne Bjørnhjell, Jan Erik Glåmen, Ola Steinsvik, Trygve Halle.



Frå v: Tove Nesse, Gunnar Waagen, Frode Stene, Olaug Kvendset, Jorunn Solnordal Myren, Karl Arne Austnes, Svein Arild Aae. (Foto: Arild Erlien).



Frå v.: Petter Erling Lied, Odd Arne Dagfinnrud, Arnfinn Gruner, Olav Rød, Anne Turid Myrbostad.



Frå v.: Peder Rindalsholt, Jens Lien, Petter Melchior, Kristoffer Rød, Connie Hansen Bjørnøy. (Foto: Arild Erlien).



Frå v: John Helde, John Arne Lesund, John Hestenes, Arnfinn Lien, Geir Hole, Leif Inge Grebstad. (Foto: Arild Erlien).



Frå v: Kristian Gjerde, Gunnbjørg Trondsen, Edgar Dromnes, John Eikenæs, Borghild Reenskaug, Peder Rogne.